

RETTLEIING FOR UTFYLLING AV SØKNADEN

Søkjjar:

Skjenkerett skal gjevast til den “for hvis regning” verksemda skal drivast. Løyvehavar kan vere ein fysisk eller juridisk person, t.d. eit ansvarleg selskap, eit aksjeselskap eller ei anna samanslutning. Løyvet skal gjevast til den som har det økonomiske ansvaret for sjølve skjenkeverksemda, dvs. driftsselskapet. Dersom skjenkestaden skal drivast som enkeltmannsforetak, skal løyve gjevast til vedkomande fysiske person. Dersom det er ein juridisk person som står for drifta, skal løyve gjevast til denne. Løyve kan berre gjevast til lovleg stifta juridisk person.

Eigar(ar):

Dette punktet skal fyllast ut med namn, adresse, personnummer (for fysiske personar med eigarinteresser), foretaksnummer og aksjeeigarar (for firma med eigarinteresser). Alle eigarandelar skal oppførast i prosent.

Vandelskrav:

Sentrale personar i verksemda må ha vist uklanderleg vandel. Kravet rettar seg mot løyvehavar og person som eig vesentleg del av verksemda eller vesentleg del av selskap som driv verksemda, eller som tek ut ein vesentleg del av verksemda sine inntekter.

Vandelskravet rettar seg også mot person som i kraft av si stilling som leiar har vesentleg innverknad på verksemda. Dette vandelskravet betyr at desse personane ikkje kan ha brote relevant lovgjeving, dvs. alkohollovgjevinga, reglar i anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sitt formål, samt skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga.

Kommunen kan be om at søkjar gjer greie for kven det er relevant å vurdere i høve til vandel. Kommunen kan også be om at søkjaren dokumenterer vandelen til kvar person i den grad dette er mogleg, t.d. ved å legge fram skatteattestar. Kommunen kan vidare be om uttale om vandel frå politiet og skatte- og avgiftsstyresmaktene.

Styrrar og stedfortredar:

For kvart løyve skal det utpeikast ein styrrar med stedfortredar som må godkjennast av den som tildeler løyva. Styrrar og stedfortredar må vere tilsett på skjenkestaden eller arbeide i verksemda i kraft av eigarstilling. Som styrrar kan berre utpeikast den som har styringsrett over skjenkinga, herunder ansvaret for å føre tilsyn med utøving av løyvet. Når styrrar er fråværande overtek stedfortredar styrrar sine plikter. Løyvehavaren må straks søkje om godkjenning av ny styrrar dersom den tidlegare sluttar.

Styrrar og stedfortredar må vere over 20 år og ha dokumentert kunnskap om alkohollova og reglar gjevne med heimel i den. Vidare må styrrar og stedfortredar ha utvist uklanderleg vandel i høve til alkohollovgjevinga og reglar i anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sitt formål.

Kravet om å ha ein stedfortredar for styrraren kan fråvikast dersom det verkar urimeleg t.d. i høve til storleiken på skjenkestaden. Dersom det er aktuelt å søkje om fritak frå dette kravet, må det grunngjevast i søknadsskjemaet under punktet om stedfortredar.

Skjenkestaden:

Her skal det gjerast greie for driftskonsept, meny og ev. anna publikumstilbod. Det skal gjerast greie for om staden vert presentert med ulike konsept til ulike tider, t.d. om ev. tilbod om mat vert endra ev. fjerna til visse tider. Bruk ev. eige ark til denne utgreiinga.

Skjenkeareal:

Skjenkeretten kan berre brukast i det eit bestemt, godkjent lokale. Alle søkjarar skal legge ved teikning over skjenkeområdet. Teikninga skal vere påført mål og vise plassering av ev. bardisk.

Alkoholvare:

Dersom det blir gjeve brennevinsrett, vil det også bli gjeve vin- og ølrett. Bruk ev. eige ark for å gjere greie for om det vert søkt om brennevinsrett på særlege vilkår, berre til slutta lag, selskap, tidsavgrensa e.l.

Type verksemd:

Løyvet kan berre brukast for ei bestemt type verksemd. Det skal vere samsvar mellom omtalen av verksemda i

søknaden og det faktiske konseptet som blir presentert for publikum på skjenkestaden. For restaurantar med matservering skal det utfyllast eit eige skjema med nærare opplysningar.

Skjenketid:

Skjenking av brennevin kan skje mellom kl. 13.00 og kl. 0300 (ikkje fastsett endå for ny løyveperiode)

Skjenking av øl og vin kan skje frå kl. 08.00 til kl. 03.00 (ikkje fastsett endå for ny løyveperiode)

Kommunen kan innskrenke eller utvide desse tidene for skjenking, men kan ikkje tillate skjenking av brennevin mellom kl. 03.00 og kl. 13.00 eller av øl og vin mellom kl. 03.00 og kl. 06.00. Jfr. elles eiga forskrift om opningstid/skjenketid for serverings-/skjenkestadar,

Tida for skjenking av brennevin kan ikkje forlengast ut over den tida det kan skjenkast øl og vin. Utskjenka alkoholholdig drikk må vere fortært seinast 30 minutt etter at skjenketida gjekk ut.

Bykle kommune